



Dette er ein spissbåt av den typen som feriegjesten frå Tromsø satsar på

**Fritidsbåtane klatrar stadig høgare i luksuriøs standard, men det er ein utvikling som atskillige ser på med uro. Det er robåtentusiastane som det truleg har vorte fleire av i det siste. I Uskedalen er det ein liten, men solid gruppe av desse, som mellom andre består av Elling Austad og Else Christine Lie Austad, Dag Helland og Kristian Bringedal. Dei har gjennom sommarsesongen stadig vore å sjå på fjorden og skapt verdfull PR for robåtane samstundes som dei har hatt ein sunn og svært rimeleg aktivitet å utfalda seg i.**



Oselvaren er av dei best kjende robåtane på våre kantar. Her er osingane Rolf Ryttevad og Elin Flindt klare til å ro rundt Tysnes!  
- Det siste er ikkje minst viktig, seier Austad, mangeårig feriegjest i bygda og pensjonert økonom. Tromsøværingen har levd eit snart 80 år langt liv med tilgang til robåt og ved feriestaden Uskedalen har han ein som ikkje er så kjend på våre kantar men som 3 generasjonar ivrig brukar så snart dei har sjansen til det.

Det er ein toroms spissbåt som han kjøpte av Snorre Ranheim i Hemnesberget i 2002.



[Dag Helland er ein av dei største lokale robåtentusiastane](#)

Båten kosta 12 000 kroner, altså slett ikkje avskrekkjande, og eigaren kunne ikkje ha vore meir fornøgd med satsinga.

- Under ein rotur får ein ei naturoppleving på ein helt annan måte enn ellers og den økonomiske sida av saka bør heller ikkje vera likegyldig.

Det understrekar tromsøværingen som utan omsyn til alderen har rodd med båten rundt heile Skorpo nyleg.



[Klart for rotur frå Beinavikjo, i ein spissbåt laga i Nordland.](#)

Gjennom heile oppveksten var han vant til å ha båt av same sort.

Han har båten sin i beredskap i naustet i Beinavikjo.

Tekst, og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Ola Matti Mathisen og nettet